

## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
009/16	Formannskapet	PS	18.02.2016
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Therese Urdahl Braseth	15/3030

### Revidert byggeprogram ny Knarvik barneskule

#### Vedlegg:

VEDLEGG A - LOAS, Arealbehov VEDLEGG B - LOAS benytter i dag følgende areal VEDLEGG C – Avtale mellom Hordaland fylkeskommune og Lindås kommune om overdragning av Nordhordlandstunet

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

1. Kommunestyret godkjenner revidert byggeprogram slik det ligg føre.
  2. Ny revidert ramme vert 186,7 mill kr. Dette vert lagt inn i økonomiplanarbeidet våren 2016.
- .....

#### Formannskapet - 009/16

##### FO - behandling:

##### Framlegg frå B.Vatnøy-Frp:

LOAS benytter dagens areal også i tida framover.

Rådmannen kjem tilbake med eigen sak om oppgradering av dagens areal.

Framlegget fekk 3 røyster og fall (B.Vatnøy-Frp, N.Øvreås-Frp og M.E.Sandvik-H)

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 8 røyster (Krf, Ap, Sp og V)

##### Framlegg frå Krf, Ap, Sp og V:

Nytt punkt til rådmannen sitt framlegg

3. Formannskapet bed rådmannen greie ut lokalisering av tilbodet for dei vaksne brukarane av LOAS (Jmf KIM, LOAS og dagsenter)

Framlegget (nytt pkt.3) vart samråystes vedteke.

## **FO - vedtak:**

1. Kommunestyret godkjenner revidert byggeprogram slik det ligg føre.
2. Ny revidert ramme vert 186,7 mill kr. Dette vert lagt inn i økonomiplanarbeidet våren 2016.
3. Formannskapet bed rådmannen greie ut lokalisering av tilbodet for dei vaksne brukarane av LOAS (Jmf KIM, LOAS og dagsenter)

## **Saksopplysningar:**

### **Politisk handsaming**

Saka skal til innstilling i Formannskapet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

### **Bakgrunn**

I arbeidet med ny Knarvik barneskule har prosjektgruppa sett på om det er funksjonar som burde inkluderast i ny skule.

Prosjektgruppa har vurdert om Lindås opplærings- og aktivitetssenter(LOAS) skulle inn i ny Knarvik barneskule.

Gjennom prosjektet «organisering av område oppvekst», arbeidde sektoren med målsetjing om tverrfagleg samarbeid og tidleg innsats.

Gjennom denne prosessen vert det satt mål om å ha tett samanheng mellom den ordinære opplæringa og spesialpedagogiske tiltak, samt at elevane bør få mest mogleg tilrettelegging i den ordinære skulen.

Dette var noko av grunngjevinga for å leggje spesialpedagogisk avdeling ved Læringsenteret inn under eksisterande Knarvik barneskule frå 1.8.15.

Prosjektgruppa har vurdert rom- og funksjons behova til LOAS, samt kostnadskonsekvensar knytt opp mot arealauke ved ny Knarvik barneskule.

### **Vurdering**

LOAS er ein avdeling for heile Lindås kommune, og er for dei med særskilte behov som treng tilpassa opplæring. Alle elevane høyrer til sin nærskule og er på LOAS ein til to dagar i veka. Pr. i dag leverer LOAS tenester til fleire skular i Lindås kommune, i tillegg til skuler i nabokommunane. Grunnskuleelevar (barne og ungdomsskole) og spesialundervisning for vaksne med tilrettelagte behov. LOAS sel også tenester eksternt m.a. til Knarvik vidaregåande skule. Hovudgruppa av elevar er ikkje fysisk funksjonshemma, men psykisk

funksjonshemma. Elevtalet ved LOAS vil variere frå år til år. Prosjektgruppa har ikkje kartlagt eventuelt auke av elevtal dersom det vert storkommune.

Prosjektgruppa har hatt god brukarmedverknad og har vore i dialog med rektor undervisningsinspektør LOAS, adjunkt og avdelingsleiar PPT.

Fordelar med samlokalisering:

- Oppnå eit nært samspel og sambruk av lokaliteter mellom skulen og LOAS.
- Tverrfagleg samarbeid, god utnytting av ressursar og kompetanse er eit mål.
- Ny Knarvik barneskule skal ha eit spesielt fokus på likeverd og tilrettelegging for alle, så en del av krava er allereie tilgjengeleg.
- Frigjere areal på Kvernehusmyrane 20 til anten å redusere årlege leigeutgifter eller ved mangel på lokale ved andre einingar/avdelingar.
- Nyare, meir hensiktsmessige og betre tilrettelagte lokalitetar.

## Rom og funksjonsprogram for LOAS

Dette inngår ikkje i saka:

Terapibasseng. Det er lagt opp til at elevane ved LOAS nytter terapibassengen der det ligg i dag i Kvernhusmyrane 20.

### 1. Kapasitetar

#### 1.1 Generelt

Prosjektet legg opp til at LOAS har inntil 20 elevar, 8 pedagogar, 15 assistenter og ein inspektør. Assistentane er personlege og følgjer elevane. Det vil mellom anna medføre at arealbehovet er høgare pr. elev enn det som er lagt til grunn i arealnomen. Talet på assistenter pr. elev er varierande. Generelt kan ein sei at elevar på barneskulen har ein assistent pr. elev og på ungdomsskulen har annakvar elev assistent.

I dag nytta dei 592,4 m<sup>2</sup> på LOAS inkl. gymsal/musikkrom, men utan bassenget. Ser ein vekk frå areala som er nytta i fløy ved musikkrom og fellesrom/kjøkken nytta dei 423,8 m<sup>2</sup>.

Prosjektgruppa har vurdert at det vil vere eit arealauke på skulen på 359 m<sup>2</sup> (brutto) i høve til vedtatt byggeprogram. Då blir det lagt opp til sambruk av skulens tilgjengelege grupperom, møterom, musikkrom, sanserom, gymsal, kjøkken, andre spesialrom og SFO.

### 2. Organisering

#### 2.1 Generelt

Avdelinga treng tilpassa skjerming i høve til uro og aktivitet på resten av skulen, men skal samstundes vere ein del av skolemiljøet. LOAS vil bli implementert i skulebygningen vil nytte uteareala. Skulen skal ha desentralisert inngang.

Alle areala er summert og ytterlegare kommentert i vedlegg A i denne saka.

## **2.2 Tilsette**

- Det er behov for eitt arbeidsrom dimensjonert for 8 arbeidsplassar.
- Eige kontor for inspektør. Inspektør bør sitte sammen med adm.avd.
- Garderobe til pedagogar.
- Garderobe til assistenter.
- Personalrom – I dag tar dei tilsette ved LOAS lunsj til ulike tider. Det er ikkje lagt opp til auke av personalrom.

## **2.3 Undervisningsareal**

- Mogeleg å dele inntil tre grupper separat. Minst tre rom med ulik storleik. Eitt må minst ha plass til heile gruppa.
- Rom for lagring av undervisningsmateriell .
- Kroppsøving/musikk kan foregå parallelt. LOAS bør ha mogelegheit for å ha individuelle gymtimar, då større grupper kan vere forstyrrende.
- Rom i tilknyting til gymsal der ein kan drive ballaktivitet eks. Her tenkes sambruk med dans. Det er ikkje lagt inn ekstra areal for dette, då dette antas å være implementert i det ordinære skuleprosjektet.
- Det er behov for to grupperom der 2-3 elevar kan arbeide inviduelt. Her bør det ver plass til arbeidsplass, kvileplass og skjerming.

## **2.4 Sanserom/ kvilerom**

- LOAS vil nytte sanserom som allereie er planlagt inn i ny Knarvik barneskule, men i tillegg blir det lagt opp til eit kvilerom.

## **2.5 Stellerom/HWC rom**

HWC-rom er implementert i brutto/nettofaktoren, men størrelse på romma vil auke med omsyn til behov for stellebord og ass.hjelp.

## **2.6 Utearealet**

- Sambruk med skulen for øvrig. LOAS nyttar ordinære leikeapparatar.  
Her kan ein tilretteleggje slik at dei ulike avdelingane på skulen kan vere ute på ulike tidsrom.
- LOAS har behov for eigen utebod.

## **2.7 Øvrige arealbehov**

- Elevgarderobe (tørr/våt sone og tilpassa ulik aldersgruppe)
- Lager/bod for ustyrt
- Innspel om plass for leik (leikerom), vaskemaskin, øvingsrom til musikk og eige rom

i tilknytning til gymsal vil bli ivaretaken ved å nytte areala som allereie er planlagd for ny skule.

### 3. Spesialiseringsnivå

Ingen endring til godkjent byggeprogram.

## Kostnadsoverslag på investering og årskostnadar

### 4.1 Tilstand på Kvernehusmyrane 20

Kvernehusmyrane 20 (188/355,185/157) blei oppført i 1978 (38 år) og teknisk standard iht. Byggforskrift av 1969.

Følgjande utbedringar er gjort på bygget:

- Nye filtre, kjemi, dos. Og sekketømmer pluss div i 2007.
- Prosjektet er kjend med at bassenget og tak blei utbedra i 2009/2010 inkl. nytt kjemikaliorom.
- Vertikale glassfelt ved basseng blei erstatta av Steni nature fasadeplater i 2009/2010.
- Det er skifte ein del varmekjelder.
- Ventilasjonsanlegg og varmtvannsbredare er skifta ut og erstatta med nytt.
- Nokre vindauge er erstatta med nye.

Det er gjennomført tilstandsrapport på LOAS i samband med vedlikeholdsplanen for 2016. Her er raude avvik kalkulert til kr. 1,7 mill.

### 4.2 Kostnadsoverslag på investering og årskostnadar

Med ein brutto byggjekostnad på 32.500 kr/m<sup>2</sup> vil dette koste om lag 11,7 mill.

Prosjektgruppa har sett på mogelegheiter ved å redusere leigeutgifter som følgje av frigjering av lokala som LOAS nyttar i dag. Her kan Lindås kommune spare om lag 700.000 til 800.000,- i året.

Med ein årlig husleigekostnad på kr.750.000,-, kan ein byggje for ca. 12 mill. kr. dersom årlig renter/ avdrag skal bli det same som spart husleige. 3% rente er brukt i dette døme. Avdraga er faste i 30 års perioden, men rentene vil bli lågare i perioden fordi lånbeløpet reduserast. Vi kan derfor tåle ein renteauke utan at det får konsekvensar.

## Bruksklausul



Lindås kommune inngjekk ei avtale i 1992 med Hordaland fylkeskommune om bruken av lokala ved Kvernehusmyrane 20. Avtalen gjeld omlegging av Nordhordlandstunet til varig bruk for psykisk utviklingshemma Overdragninga gjaldt gnr.185,bnr.157 og gnr.157 og bnr.55 inkl. utstyr og inventar. Det står i avtalen at dersom det vert endringar i føresetnadene for

avtalen, kan avtalen takast opp til revisjon av begge partar.

**Saka er behandla i administrativ styringsgruppe, og rådmannen rår der til at prosjektet ny Knarvik skule inkluderer LOAS og at vedteken ramme aukes med 11,7 mill til 186,7 mill**

**VEDLEGG B - LOAS benytter i dag følgende areal:**

Romtype	Areal	Enhets	Rom nr.
Trim/forsamling	107	m2	117
Kjøkken	8,6	m2	115
Stol/apparat	17,6	m2	116
Akt1	17,7	m2	120
Akt2	17,7	m2	121
Grupperom	17,3	m2	122
Fellesrom/kjøkken	35,4	m2	123
Korridor	43	m2	124
Kontor	10,8	m2	125/126/128
Garderobe	1,5	m2	127
Garderobe	1,5	m2	129
Gang	5,5	m2	130
Styrer	17,5	m2	131
Personalrom	26,4	m2	133/140
B.K	2,5	m2	132
R.W.C	5	m2	134
W.C	1,8	m2	136
W.C	1,8	m2	138
W.C	3	m2	139
Garderobe	3	m2	137
Garderobe	1,2	m2	135
Hall	79	m2	141
Adm.kontor	17,4	m2	150
Kontor	11,3	m2	152/153
Aktivitetsrom	48	m2	154
Kontor	11,5	m2	19-1
Finarbeid/Lager	39	m2	19
Teknisk rom/BK	15,8	m2	16
Mellomgang	14,5	m2	17
RWC	3,3	m2	15
Garderobe	5,6	m2	13
Garderobe	1,2	m2	14
<b>SUM</b>	<b>592,4</b>	<b>m2</b>	
SUM minus rødt	423,8	m2	



**VEDLEGG C – Avtale mellom Hordaland fylkeskommune og Lindås kommune  
om overdragning av Nordhordlandstunet**

**Vedlegg til sak 50**

**Hordaland fylkeskommune**

**Avtale mellom Hordaland fylkeskommune og Lindås kommune  
om overdragning av Nordhordlandstunet.**

1. På grunnlag av dei planane Lindås kommune har lagt fram om omlegging av Nordhordlandstunet til varig bruk for psykisk utviklingshemma, overdrag Hordaland fylkeskommune Nordhordlandstunet, gnr. 185, bnr. 157 og gnr. 188, bnr. 333, inkl. utstyr og inventar til Lindås kommune.
2. Lindås kommune tek frå 01.07.92 over eigedommen vederlagsfritt.
3. Tidlegare driftsavtale, jfr. f. tilgang 8/90 og leigeavtale av 04.09.91 mellom Hordaland fylkeskommune og Lindås kommune selt bort frå same dato, med den merknad at Lindås kommune framleis har arbeidsgjevaransvaret.
4. Dersom det vart endringar i funksjonshandene for denne avtalen, kan avtalen taka opp til revisjon av begge parter.

Avtalen er tilført av Hordaland fylkeskommune og Lindås kommunas sine málsmenn.

Bergen, den 22. mai 1992.

## KNARVIK BARNESKOLE

Det legges opp til en uteskofri skole, desentraliserte elevinnganger, sentraliserte lærerarbeidsplasser.

1.	ROMPROGRAM FOR KNARVIK BARNESKOLE	
1.1	1. trinn	
1.1.1	Klasserom 28 elever – 2 stk à 70 m <sup>2</sup> , 1 stk à 45 m <sup>2</sup>	185 m <sup>2</sup>
1.1.2	Grupperom (6 elever) – 2 stk à 8 m <sup>2</sup>	16 m <sup>2</sup>
1.1.3	Lager	6 m <sup>2</sup>
1.1.4	Grov garderobe m/ tørkerom (10 m <sup>2</sup> ) felles med 2. trinn	70 m <sup>2</sup>
1.1.5	Fingarderobe m/ HCWC	35 m <sup>2</sup>
1.1.6	1 stk HCWC adkomst kun utenfra	6 m <sup>2</sup>
	<b>SUM 1. trinn</b>	<b>318 m<sup>2</sup></b>

1.2	2. trinn	
1.2.1	Klasserom 28 elever – 2 stk à 66 m <sup>2</sup> , 1 stk à 45 m <sup>2</sup>	177 m <sup>2</sup>
1.2.2	Grupperom (6 elever) - 2 stk. a 8 m <sup>2</sup>	16 m <sup>2</sup>
1.2.3	Lager	6 m <sup>2</sup>
1.2.4	Grov garderobe m/ tørkerom (inngår i 1. trinn)	
1.2.5	Fingarderobe m/ HCWC	35 m <sup>2</sup>
	<b>SUM 2. trinn</b>	<b>234 m<sup>2</sup></b>

1.3	3. trinn	
1.3.1	Klasserom 28 elever – 2 stk à 66 m <sup>2</sup> , 1 stk à 45 m <sup>2</sup>	177 m <sup>2</sup>
1.3.2	2 stk. grupperom (6 elever) a 8 m <sup>2</sup>	16 m <sup>2</sup>
1.3.3	Lager	6 m <sup>2</sup>
1.3.4	Garderobe inklusive HCWC	50 m <sup>2</sup>
	<b>SUM 3. trinn</b>	<b>249 m<sup>2</sup></b>

1.4	4., 5., 6., og 7. trinn som 3. trinn 4 x 249 m <sup>2</sup>	996 m <sup>2</sup>
-----	--	--------------------

1.5	SFO uten kjøkkenfunksjon samlokalisert med 1.-2. trinn (sambruk)	60 m <sup>2</sup>
-----	---	-------------------

1.6	Lærerarbeidsplasser	
1.6.1	Sentraliserte for 1.-4. trinn og 5.-7. trinn 45 lærere a 6 m <sup>2</sup>	270 m <sup>2</sup>
1.6.2	Møterom for 15 personer, 1 stk. a 20 m <sup>2</sup>	20 m <sup>2</sup>
1.6.3	Samtalerom – 4 stk. a 4 m <sup>2</sup> (lydtett)	16 m <sup>2</sup>
1.6.4	2 stk. garderober a 35 m <sup>2</sup> inkl. Dusj, todeling 80/20	70 m <sup>2</sup>
	<b>SUM Lærerarbeidsplasser</b>	<b>376 m<sup>2</sup></b>

1.7	Administrasjon - forkontor	10 m <sup>2</sup>
1.7.1	4 stk. kontorer a 10 m <sup>2</sup>	40 m <sup>2</sup>
1.7.2	Møterom for 15 personer	20 m <sup>2</sup>
1.7.3	Kopirom, 1 stk. a 6 m <sup>2</sup>	6 m <sup>2</sup>
	<b>SUM Administrasjon</b>	<b>76 m<sup>2</sup></b>

2.	FELLESAREALER	
2.1	Spesialrom for undervisning - kjølerom	6 m <sup>2</sup>
2.1.1	Mat og helse	80 m <sup>2</sup>
	Lager	8 m <sup>2</sup>
	Vaskerom	8 m <sup>2</sup>
	Spiserom (adskilt)	25 m <sup>2</sup>
	<b>SUM mat og helse</b>	<b>127 m<sup>2</sup></b>
2.1.2	Kunst og håndverk - tekstilrom	40 m <sup>2</sup>
	Trearbeid inklusive maskinrom/lager, keramikkrom	85 m <sup>2</sup>
	Malerom	40 m <sup>2</sup>
	<b>SUM kunst og håndverk</b>	<b>165 m<sup>2</sup></b>
2.1.3	Naturfag inklusive forberedelsesrom	
	Realfagsrom/forskerrom	85 m <sup>2</sup>
2.1.4	Musikkrom	90 m <sup>2</sup>
	Øvingsrom, 2 stk. a 10 m <sup>2</sup>	20 m <sup>2</sup>
	Lager	10 m <sup>2</sup>
	Bandrom	20 m <sup>2</sup>
	Lager musikkorps	20 m <sup>2</sup>
	<b>SUM Musikk</b>	<b>160 m<sup>2</sup></b>
2.1.5	Dans/drama	50 m <sup>2</sup>

2.2	Kantine	
	Kantinekjøkken (varmmat)	40 m <sup>2</sup>
	Kantine for 100 elever	120 m <sup>2</sup>
	<b>SUM Kantine</b>	<b>160 m<sup>2</sup></b>

2.3	Bibliotek	
	Bibliotek/mediatek	80 m <sup>2</sup>
	Lager	15 m <sup>2</sup>
	Kopirom	5 m <sup>2</sup>
	<b>SUM Bibliotek</b>	<b>100 m<sup>2</sup></b>

2.4	Auditorium for 75 elever	90 m <sup>2</sup>
-----	--------------------------	-------------------

2.5	Fellestjenester	
2.5.1	Helsesøster/PPT	12 m <sup>2</sup>
2.5.2	Vaktmester/renholdsleder	15 m <sup>2</sup>
2.5.3	Lager vaktmester	10 m <sup>2</sup>
	<b>SUM fellestjenester</b>	<b>37 m<sup>2</sup></b>

2.6	Felles personalrom m/kjøkkenfunksjon	95 m <sup>2</sup>
-----	--------------------------------------	-------------------

2.7	Amfi i tilknytning til kantine/musikkrom som rommer hele skolen	250 m <sup>2</sup>
-----	---	--------------------

2.8	Sanserom	10 m <sup>2</sup>
-----	----------	-------------------

2.9	Renholdssentral	20 m <sup>2</sup>
2.9.1	Renholdsrom, 1 rom i hvert etasje 2 x 5 m <sup>2</sup>	10 m <sup>2</sup>
	<b>SUM renholdssentral</b>	<b>30 m<sup>2</sup></b>

2.10	Sentrallager	30 m <sup>2</sup>
------	--------------	-------------------

**SUM 3 698 m<sup>2</sup> netto**

- Fler brukshall vil komme i tillegg til ovennevnte areal. Hallen skal ikke være et separat bygg, men en del av skolebygget.

Trondheim 7. mars 2016

WSP Norge AS

Kjell Kvam

